

Kronprinsbilen i Vrådal

April 1940

9. april og 8. mai er merkedagar då ein gjerne stoppar opp og tenkjer tilbake. 9. april er ein mørk og trist dag med tunge skyer over himmelen. Bror min og eg køyrde tømmer den dagen i 1940. Men då vi var heime til middag, fortalde far, Hans Kråkenes, at no var det krig. Alle tre stod vi som klumsa. Vel hadde vi høyrte om hendingane i Jøssingfjorden og mineutlegginga i norske fjordar, men krig! Det var vanskeleg å tenkje seg. På vegen tilbake til tømmerkogen høyrde vi flydur, og vi stilte oss under nokre trekroner.

Men blant dei mange minna frå krigstida har vi her i Vrådal eit spesielt frå dei fyrste krigsdagane. Etter som det er blitt meg fortalt, hadde gardsstyraren på Skaugum fått i oppdrag og passe på bilen som Kronprinsparet, Märtha og Olav, hadde fått i gåve av president Roosevelt då dei var i USA på besøk. Dette var sjølvsagt ein ekstra fin bil, og gardsstyraren køyrde han til Vrådal, der han i fyrste rekkje blei ståande i tunet på klokkargarden Straumsnes. Kan nemne at Åsne Muren, kona til klokkaren og læraren, blei fotografert der ho står innmed Kronprinsbilen i tunet på Straumsnes, Fotografen var sonen Anders.



Tyskarane hadde enno ikkje kome til Vrådal, men ein frykta at dei snart ville vise seg. Følgeleg vart bilen køyrt til Roholdt og sett under løa. Men der var han også lett å sjå ifrå vegen, og dermed blei han køyrd til Frikyrkja og dekt til med kvist nedi skogen.

Men her var heller ikkje trygt å stå. For når tyskarane kom inn i bygda, rekna ein med at dei kom til å overnatte både i Frikyrkja, Bedehuset og andre forsamlingshus. Kyrkja og Misjonsheimen var nok også i faresona. Følgeleg vart det sett ut vakter for å sikre fri ferdsel, og med

Sigmund Straand ved rattet vart bilen køyrd til Straume, ein liten gard på vestsida av vatnet med dårleg gardsveg i vårløysinga. Her blei han parkert på ein fjellknatte i skogkanten og bara ned med kvist og ved. Hugsar at far min, som nå til ein viss grad hadde ansvar for bilen, av og til var bort og såg til han og hørde nyhetane frå London.

Men utpå hausten same året blei det visstnok kjent blant nasistar og tyskarar at Kronprinsbilen stod på Straume i Vrådal, og dermed blei han flytta til ein plass på Sørlandet. Seinare blei han køyrt til Holt Landbruksskole, der han blei plassert på låven og dekt til med halm. Og etter som eg har forstått stod han der til freden kom i 1945.

Alt dette er etter som eg har høyrte og kan hugse. Kan samtidig nemne at Tor O. Sanden har ein fyldig artikkel om krigsåra i Årbok for Telemark 1990.

Kaptein Einar Keim blir av enkelte nemnt i samband med Kronprinsbilen. Kor mykje han hadde å gjere med bilen veit eg ikkje. Men det eg veit er at Keim var krigskommisar og budde i Kristiansand. Då krigen kom, trekte han seg oppover Setesdalen og over til Vinje. Der var jo militær virksomhet med Hannevig i spissen. Så vel og bra som det var, rekna han visstnok med at det nytta ikkje i det lange løp, og enda her på Kråkenes. Far og Keim var nemleg gode vener frå Underoffiserskolen i Kristiansand.

Tillet meg også å skrive at 24. juni 1947 blei far min, Hans Kråkenes, tildelt H.M. Kongens Forteneste - Medalje i sølv. Ved besøket på Slottet blei han av Kong Haakon spesielt takka for at han hadde vore med å berga bilen til Kronprinsparet.

Men eg kan ikkje avslutte dette bladstykket før eg har nemnt frigjeringsdagen 8. mai. Dagen før, nemleg 7. mai, var ein solrik og fin dag. Folk dreiv med våronna, og her på Kråkenes sette vi poteter den dagen. Far hadde vore ute på reise og kom heim utpå ettermiddagen. Han kom då ut på åkeren til oss og fortalde at nå var det fred. Eg gløymer det aldri! Dermed blei det sjølvstekt ikkje meir potetsetting den dagen, og ikkje dagen deretter heller. Folk møttest og gledde seg i fellesskap. Gleda var stor, og frigjeringsdagen som blei sett til den 8. mai er ein ljøs og vakker minnedag. Vi har alle grunn til å takke Gud og stemme i med Anders Hovden: «Fagert er landet du oss gav, Herre vår Gud og vår Fader.»

Venleg helsing

Mikkel Kråkenes.